

Sakspapir

«Sgr_Beskrivelse»

«Spg_Beskrivelse»

Saksnr	Utval	Møtedato
105/15	Formannskapet	10.09.2015
059/15	Kommunestyret	17.09.2015

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Oddbjørn Ese	K1 - 600	15/1074

Framlegg om endring i reglar for eigedomsskatt på produksjonsutstyr - høyringsuttale

Rådmannen si tilråding

Saka blir lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Med tilvising til det som går fram av saksutgreiinga, vil Vik kommune på det sterkest oppmoda regjeringa om å forkasta framlegga om at produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar ikkje lenger skal inngå i skattegrunnlaget for eigedomsskatt, og avviklinga av omgrepel verk og bruk.

Det vert også vist til høyringsuttale frå KS og LVK som Vik kommune sluttar seg til.

Formannskapet - 105/15

FS - vedtak:

Saka blir lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Med tilvising til det som går fram av saksutgreiinga, vil Vik kommune på det sterkest oppmoda regjeringa om å forkasta framlegga om at produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar ikkje lenger skal inngå i skattegrunnlaget for eigedomsskatt, og avviklinga av omgrepel verk og bruk.

Det vert også vist til høyringsuttale frå KS og LVK som Vik kommune sluttar seg til.

#velkomtentilvik



Samrøystes.

Kommunestyret - 059/15

KS - vedtak:

Med tilvising til det som går fram av saksutgreiinga, vil Vik kommune på det sterkest oppmoda regjeringa om å forkasta framlegga om at produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar ikkje lenger skal inngå i skattegrunnlaget for eigedomsskatt, og avviklinga av omgrepet verk og bruk.

Det vert også vist til høyringsuttale frå KS og LVK som Vik kommune sluttar seg til.

Samrøystes.

Vedlegg

Kommunar med eigedomsskatt - høyringsnotat frå Finansdepartementet
Høyringsuttale fra KS - forslag om å fjerne eigedomsskatt på produksjonsutstyr
Finansdepartementets notat 18.06.15 om eigedomsskatt på verk og bruk - høyringsuttale frå landssamanslutninga av vasskraftkommunar

Kort samandrag

Finansdepartementet har sendt på høyring forslag om vesentlege endringar i eigedomsskattegrunnlaget. Departementet sitt framlegg omhandlar samlege verk og bruk med unntak for vasskraftproduksjonsanlegg. Det er positivt at vasskraftanlegg er haldne utanfor, men omgrepet verk og bruk omfattar også kraftleidningsnett, telenett m.m. Departementet har antyda at dette vil gi eit inntektsbortfall på om lag kr 1,2 milliardar for kommunesektoren. KS antydar eit vesentleg høgare beløp, 1,7 milliardar.

For Vik kommune sin del er inntektsbortfallet berekna til om lag kr 1,5 mill. årleg.

Departementet grunngjев framlegget m.a. med trøngen for skattelette for små og nyetablerte verksemder.

Framlegget er dramatisk for mange kommunar, særskilt dei kommunane som har store industrianlegg. Vik kommune vil, slik framlegget er utforma, ikkje vera av dei kommunane som blir hardast råka, men bortfall av inntil kr 1,5 mill. vil sjølv sagt merkast og kunna gå ut over tenestenivået.



Som grunngjeving for å gå mot framlegget vil rådmannen særskilt trekka fram følgjande moment:

- Eigedomsskatten er stadbunden, og den einaste kommunale skatteordninga for desse anlegga.
- Eigedomsskatt er både prinsipielt og økonomisk ei viktig inntektskjelde.
- Staten vil få auka sine skatteinntekter utilsikta mykje som følgje av at aktuelle selskap får reduserte kostnader. Særskilt vil statsselskapa Statkraft, Statnett og Statoil nyta godt av departementet sitt framlegg.
- Avvikling av eigedomsskatt på verk og bruk undergrev den kommunale beskatningsretten og er ei svekking av det kommunale sjølvstyre.
- Det er fast praksis i konsesjonssaker for store kraftleidningar, vindkraftverk og større industrianlegg å tillegga dei økonomiske konsekvensane for lokalsamfunn vekt. Eigedomsskatt på slike anlegg blir av konsesjonsstyresmaktene rutinemessig framheva som ein positiv verknad av den aktuelle utbygginga. Mange kommunar har gitt si tilslutning til utbyggingsplanar i tillit til forventa eigedomsskattteinntekter. Ei avvikling av eigedomsskatt på verk og bruk vil for desse kommunane framstå som eit løftebrot i strid med den samfunnskontrakten som er inngått mellom stat og kommune.
- Omsynet til små og nyetablerte verksemder kan løysast t.d. med botnfrådrag eller særskilte fritak, og ikkje ved å fjerna eigedomsskatten fullstendig for desse objekta.

KS og LVK har utarbeidd eigne fråsegner som følgjer saka som vedlegg.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er teke inn ovanfor.

